# GRUSSPRUTEN

9. februar 2000 Nr. 1/2000

VIKEDAL

# Medlemsmøte laurdag 19. feb. kl. 12.00 hjå Åkra Bil i Haugesund

Som det stod i aktivitetsplanen i juleutgåva av Grusspruten opnar aktivitetane i sesongen 2000 med medlemsmøte i Haugesund.

Medlemsmøtet vert i kantina til Åkra Bil (Opel) i Haugesund. Inngangen til denne er i frå vestsida av bygget, dvs. sida mot Karmsundsgt. Åkra Bil heldt til ved rundkjøringa der E-134 og Rv. 14 møtest. For at vi ikkje skal halda på for lenge etter stengetid startar vi kl. 12.00.

Saksliste :
- Presentasjon av deltakarane
- Formålet med møtet
- Klubbens framtid og tilbod til medlemmene
- Planar for baneoppgradering
- Dugnad/finansiering/frikjøpsordning
- Trening
- Eventuelt

Medlemsmøtet er eit resultat av eit vedtak på årsmøtet. Som de såg i pkt. 6d i årsmøtereferatet i juleutgåva av Grusspruten er det **møteplikt for dei aktive**. Det er svært viktig at flest mogleg deltek og seier si meining.

# NMK Vikedal på internett

NMK Vikedal vil i nær framtid opna sine eigne heimesider på internett. Sidene vil liggja under adressa **http://www.nmk-vikedal.net** og vil innehalda mange nyttige opplysningar. Aktivitetsplan, adresselister, påmeldingsskjema, kjøp/sal, Grusspruten, møtereferat osv. er det meininga å leggja ut, slik at det vert lettare tilgjengeleg for medlemmene. Vi håper dette kan bli eit nyttig kontaktpunkt for å utvikla klubben vidare.

**NMK Vikedal**
**Postboks 86**
**5586 Vikedal**

# Aktivitetsplan for sesongen 2000

| Dato | Kl. | Aktivitet | Stad | Ansvarleg |
|---|---|---|---|---|
| Laurdag 19.02 | 12.00 | Medlemsmøte | Åkra Bil, Haugesund | Sverre Sæterbø |
| Laurdag 18.03 | | Trening | Vikedal Motorbane | Leif Roald Bjelland |
| Laurdag 18.03 | | Lisenskurs, Bilcross junior | Vikedal Motorbane | Sivert Ole Holten |
| Torsdag 30.03 | 19.00 | Hovedstyremøte (sesongstart) | Suldal Billakkering | Sverre Sæterbø |
| Laurdag 01.04 | | Trening | Vikedal Motorbane | Leif Roald Bjelland |
| Laurdag 01.04 | | Lisenskurs, Hastighet | Vikedal Motorbane | Sivert Ole Holten |
| Laurdag 08.04 | | Trening | Vikedal Motorbane | Leif Roald Bjelland |
| Søndag 30.04 | 12.30 | Bilcross/Rallycrossløp<br>1. runde i Vestlandsmesterskapet | Vikedal Motorbane | Bjarte Lygre |
| Onsdag 03.05 | | Trening | Vikedal Motorbane | Leif Roald Bjelland |
| Onsdag 11.05 | 19.00 | Hovedstyremøte (emne ?) | SIM, Fitjar | Sverre Sæterbø |
| Laurdag 13.05 | | Trening | Vikedal Motorbane | Leif Roald Bjelland |
| Laurdag 13.05 | | Bakkeløp | Tengs | NMK Egersund & D. |
| Søndag 14.05 | | Bakkeløp<br>2. runde i Vestlandsmesterskapet + NM-runde | Tengs | NMK Egersund & D. |
| Onsdag 24.05 | | Trening | Vikedal Motorbane | Leif Roald Bjelland |
| Søndag 04.06 | | Bakkeløp<br>3. runde i Vestlandsmesterskapet | Os | KNA Bergen |
| Onsdag 07.06 | | Trening | Vikedal Motorbane | Leif Roald Bjelland |
| Laurdag 17.06 | | Trening | Vikedal Motorbane | Leif Roald Bjelland |
| Søndag 18.06 | | Rallycross<br>4. runde i Vestlandsmesterskapet | Eikås Motorsenter | NMK Bergen |
| Tirsdag 20.06 | 19.00 | Hovedstyremøte (løp i 2001) | Suldal Billakkering | Sverre Sæterbø |
| Onsdag 28.07 | | Trening | Vikedal Motorbane | Leif Roald Bjelland |
| Tirsdag 15.08 | 19.00 | Hovedstyremøte (Arrangementskomite) | SIM, Fitjar | Sverre Sæterbø |
| Lørdag 02.09 | | Rallycross EM | Lyngås | NMK Drammen |
| Søndag 03.09 | | Rallycross EM | Lyngås | NMK Drammen |
| Søndag 10.09 | 12.30 | Bilcross/Rallycross/Crosskartløp<br>5. runde i Vestlandsmesterskapet | Vikedal Motorbane | Bryn Rønnevik |
| Tirsdag 12.09 | 19.00 | Hovedstyremøte (Valkomite) | Suldal Billakkering | Sverre Sæterbø |
| Søndag 08.10 | 12.30 | Bakkeløp<br>6. runde i Vestlandsmesterskapet | Årskog, Fitjar | Jan Tore Hovland |
| Søndag 22.10 | | Rallycross<br>7. runde i Vestlandsmesterskapet | Eikås | NMK Bergen |
| Tirsdag 24.10 | 19.00 | Hovedstyremøte (Planl. årsmøte) | SIM, Fitjar | Sverre Sæterbø |
| Lørdag 18.11 | | Årsmøte | | Sverre Sæterbø |

# Hovedstyremøte på Fitjar 3. februar

Hovedstyremøte på Fitjar 3. februar hadde medlemsmøte i Haugesund som tema i tillegg til dei vanlege sakene.

Den økonomiske statusen er god. Det står pr. 1.1.2000 att kr. 116.000,- på lånet. Vi har rundt 25.000,- disponibelt på konto og etter godt arbeid av Sivert Ole i fjor haust ser det ut til at vi får 50.000,- i støtta av kommunen mot at kommunegarantien på lånet vært sletta. På styremøte vart det vedteke å løysa inn det gamle lånet og ta opp eit nytt lån på kr. 70.000,-. Dermed vil vi ha ein del midlar disponible til f.eks. oppgraderingar av banen. Det er også søkt om spelemidlar til oppgradering av Vikedal Motorbane. Denne søknaden er grunngjeven med behov for opprustning av dei sanitære forholda og utbetring av motocross-banen. Bilsport er ikkje definert som idrett som er kravet for spelemidlar, og difor må søknaden vera relatert til motocross. I samband med dette prosjektet var Dag og Sivert Ole og såg eit toalettbygg på Søndenaa Camping som skal tas ut av bruk. Det ville vera veleigna for vårt bruk, men eigaren har førebels ikkje godteke eit bod på kr. 10.000,- for den eine brakka og 5.000,- for den andre.

Anleggskomiteen har jobba med å få kostnadsoverslag på ein del utbetringar som bør gjerast på motorbanen. Førebels har dei ikkje fått konkrete prisar frå entrepenøren, men håpar å ha dei klar til medlemsmøte. Anleggskomiteen får og ansvar for å koordinera utkjøring av grus på motocrosstraseen som kommunen har iverksett.

Årsmøtet gav styret i oppdrag å utarbeida retningslinjer for at medlemmer kan kjøpa seg fri frå dugnad. Retningslinjene vil bli presentert på medlemsmøtet i Haugesund. Detaljerte dugnadslister og bingolister vert sende ut. Kvar enkelt blir ansvarleg for å møta.

NMK Vikedal sine internett sider vil bli ajourhaldne gratis av Trond Mostrøm, som og har laga dei, mot at han får gratis medlemskap. Sivert Ole koordinerer innspela frå vår side, dvs. alt stoff skal sendast via han. Det vart også løyvd kr. 500,- til marknadsføring av sidene.

Etter førespurnad vedtok styret å tilby abonnement på Grusspruten for ikkje-medlemmer til kr. 100,- pr. år. Interesserte kan gi beskjed til bladfyken Svein Erik Østbø.

Sivert Ole arbeider med å få til fordelsavtaler for medlemmer i NMK Vikedal med diverse firma i distriktet. Nærare informasjon vil komma.

Motordagen har det ikkje blitt jobba meir med førebels. Dersom nokon er interessert i å bidra på eit slikt arrangement, kan dei kontakta leiar Sverre Sæterbø.

# Lisenskurs

**Lisenskurs bilcross junior**

Dato: Lørdag 18. Mars kl 09.00 – 15.00

Kurshaldar: Sivert Ole Holten

Innhald: Tre timar teori med prøve – praktisk kjøring

Krav: Deltakarene må fylle 16 år i 2000 og må disponere bilcrossbil og sikkerhets-utstyr

Pris: Gratis

Påmelding: Sivert Ole Holten
Tlf. 5276 0429 / 905 47 433 /
sivert.holten@billisten.no

**Lisenskurs for hastighetsløp**

Dato: Lørdag 1. April kl 09.00 – 15.00

Kurshaldar: Sivert Ole Holten

Innhald: Tre timar teori med prøve – praktisk kjøring

Krav: Deltakarar må vere 18 år og ha førarkort

Pris: Kr 250,-

Påmelding: Sivert Ole Holten
Tlf. 5276 0429 / 905 47 433 /
sivert.holten@billisten.no

Desse kursa er eit tilbud til dei som vil byrja med bilsport. For å delta i bilsport må ein ha lisens. Dei som er mellom 16 og 18 år kan løysa lisens for BC junior, men må delta på lisenskurs først. Dei som har førarkort og vil kjøra bilcross, treng berre sende ein søknad til NBF. For å kjøre rallycross eller racing må ein løyse såkalla H-lisens. Dersom du lurer på noko kan du kontakta Sivert Ole Holten.

## Telefon-/adresseliste :

| Namn | Priv. tlf. | Mob. tlf. | Tlf. jobb | Telefaks | E-post adresse |
|---|---|---|---|---|---|
| **Leif Roald Bjelland** | 52761529 | | | | leif-roald.bjelland@olenbetong.no |
| **Ole Vidar Helland** | 53499352 | 90152899 | | | |
| **Svein Bjarte Holten** | 52760505 | | 52767377 | 52767370 | suldal.billakkering@c2i.net |
| **Sivert Ole Holten** | 52760499 | 90547433 | 52761189 | | sivert.holten@billisten.no |
| **Johannes H. Leifsen** | 52760335 | | 52797445 | | johshl@engineer.com |
| **Kari Holten Leifsen** | 52760335 | | | | |
| **Arne Lillemo** | 52760286 | | | | |
| **Bjarte Lygre** | 52781121 | 94575944 | | | blygre@frisurf.no |
| **Dag Lygre** | 52760337 | 90733431 | 55994001 | | dag.lygre@hydro.com |
| **Norges Bilsportforbund** | 23054500 | | | 23054510 | |
| **Norsk Motor Klubb** | 32208595 | | | 32208590 | |
| **Solveig Reimers** | 52760397 | | | | |
| **Bryn Rønnevik** | 52760300 | 97706036 | 52797134 | 52767434 | brynr@c2i.net |
| **Terje Steinnes** | 52761378 | 90772538 | 91534212 | | |
| **Arne Sunnanå** | 52783396 | | 52785515 | | |
| **Sverre Sæterbø** | 53499001 | 90140596 | 53457850 | 53457860 | sverre.seterbo@c2i.net |
| **Geir Utaaker** | 52761961 | | | | |
| **Robert Vørøs** | 53414225 | 91563066 | | | |
| **Svein Erik Østbø** | 52761325 | 90895398 | 52803316 | 52802000 | svein.erik.oestboe@umoe.no |

## Organisasjonsplan for NMK Vikedal

**Årsmøte**

**Revisorar**
Anne Gunhilde Oma
Roger Rolfsnes

**Hovedstyre**
Sverre Sæterbø, leiar
Robert Vørøs, nestl.
Dag Lygre
Bryn Rønnevik
Johannes Holten Leifsen
Varamedl.:

**Valkomite**

**Treningskomite**
Leif Roald Bjelland, leiar
Svein Bjarte Holten
Terje Steinnes

**Anleggskomite**
Svein Bjarte Holten, leiar
Geir Utaaker

**Arrangementskomite**
Leif Roald Bjelland
Terje Steinnes
Sverre Sæterbø
Bjarte Lygre (løpsledar)
Bryn Rønnevik (løpsl.)
Jan Tore Hovland (løpsl.)

**Bingo-komite**
Kari Holten Leifsen
Solveig Reimers

**Utdanningskontakt**
Sivert Ole Holten

**Innkjøpssjef**
Arne Lillemo

**Red., Grusspruten**
Svein Erik Østbø